



Litt om atom

Alt er laga av atom.
Raske atom lagar varme.
Termometer måler varme.





Litt om atom og molekyl

Eit atom er ein veldig, veldig liten byggjestein som alt rundt oss er laga av. Tenk på atom som dei minste delane som kan vere med på å lage alt i verda! Akkurat som legoklossar som kan bli sett saman for å byggje fine bygningar, kan atom setjast saman for å lage alt frå plantar og dyr til steinar og luft.

Eit molekyl, derimot, er når to eller fleire atom held saman som ei gruppe. Dei held saman ved å dele elektron, som er små partiklar inne i atoma.

Varme er energi som bevegar seg mellom ting med ulike temperaturar. Jo raskare molekyla bevegar seg, desto større mengd varme blir produsert.


Varmeenergi bevegar seg alltid frå varme objekt til kaldare objek^t


Temperatur er å måle varme. Vi bruker eit termometer for å måle temperaturar.



Oppgåve

1. Bruk dine eigne ord og forklar kva atom er.
2. Kva er det som skaper varme?
3. Kva veg flyttar varme seg alltid?
4. Kva bruker vi for å måle varme?





Litt om atom og molekyl

Sjølv om du ikkje kan sjå dei, er det små partiklar (atom og molekyl) som utgjer alt her i verda. Mange samanliknar atom med legoklossar – små byggjeklossar som blir sette saman for å danne alt det fantastiske du ser rundt deg, og ikkje minst deg sjølv. Du er også laga av atom og molekyl.

Atoma er konstant i rørsle. Dei bevegar seg veldig raskt både fram og tilbake, og vibrerer når dei kolliderer med kvarandre.

Varmeenergi er den totale mengda rørsleenergi til dei små delane i eit stoff; denne rørla skaper varme.

Varme er energi som bevegar seg mellom objekt med ulike temperaturar; jo raskare molekyla bevegar seg, desto større mengd varme blir produsert.

Varmeenergi bevegar seg alltid frå varme objekt til kaldare objekt. Varmeoverføring skjer berre når det er ein temperaturforskjell mellom objekta.

Temperatur er ei måling av kor høg grad av varme som er til stades. Vi bruker eit termometer for å måle temperaturar. I eit tradisjonelt væskefylt termometer aukar høgda på væska i røyret når temperaturen stig. Væska i røyret utvidar seg når ho blir varm.

Det er atoma som bevegar seg fortare når det blir varmt.

I dette kapittelet om varmeenergi skal du få lære om korleis varmeenergi blir overført på tre ulike måtar: gjennom konduksjon, gjennom konveksjon og ved hjelp av stråling.

Oppgåve

1. Bruk dine eigne ord og forklar kva atom er.
2. Kva er det som skaper varme?
3. Kva veg flyttar varme seg alltid?
4. Korleis verkar eit termometer?

